

Frå: ikke-svar@epost.svar.regjeringen.no
Send: tirsdag 23. juni 2026 11:42
Til: Jens Erik Naustdal
Emne: Kvittering på innsendt svar på Stad kommune
Vedlegg: Innsendt svar.pdf; Høyringsvar forslag til endringer i valgloven.pdf; Innspel i høyring om framlegg til endring i valglov.pdf

Det er ikkje ofte du tek imot e-post frå ikke-svar@epost.svar.regjeringen.no. [Finn ut kvifor dette er viktig](#)

Kvittering på innsendt svar på Høring – Forslag til endringer i valgloven

Saksnummer: 26/1207

Sak: Høring – Forslag til endringer i valgloven

Levert: 23.06.2026 11:33

Svartype: Med merknader

Jeg svarte som: Kommune

Avsender: Stad kommune

Kontaktperson: Jens Erik Naustdal

Kontakt e-post: jens.erik.naustdal@stad.kommune.no

I KS-sak 26/080 i møtet 18.06.2026 vedtok Stad kommunestyre samrøystes følgjande høyringsuttale:

Høyringssvar på“Forslag til endringer i valgloven (kretsvis opptelling av forhåndsstemmer mv.)”

Med bakgrunn i framlegget til endring i vallova, kjem Stad kommune med følgjande høyringssvar. Stad kommune meiner at forslaget om krinsvis

oppteljing av førehandsstemmer har fleire negative konsekvensar som ikkje står i forhold til den avgrensa nytteverdien.

1. Meir komplekse rutinar, auka ressursbruk og større risiko for avvik

Forslaget inneber at førehandsstemmer skal sorterast, kontrollerast og teljast på

stemmekrinsnivå i staden for på kommunenivå. Det vil gi fleire manuelle prosessar, både ved merking av stemmesetlar med stemmekrinsnummer ved stemmemottaket og ved sortering av stemmesetlar under oppteljinga. Dette vil krevje meir personell, meir opplæring, meir administrativ koordinering og meir tid til gjennomføringa. Etter Stad kommune sitt syn vil endringa gjere valgjennomføringa meir komplisert, meir ressurskrevjande og meir sårbar, samstundes som risikoen for feil og avvik aukar.

2. Svekka kontroll og etterprøving

Krinsvis oppteljing vil gjere det vanskelegare å kontrollere og etterprøve valgjennomføringa. Når stemmesetlar frå same vallokale blir fordelte på fleire stemmekrinsar, blir det mindre oversiktleg å avdekkje, forstå og forklare avvik mellom tal kryss i manntalet og tal stemmesetlar ved oppteljinga. Dagens ordning gir etter kommunen sitt syn betre kontrollmoglegheiter og gjer det lettare å knyte eventuelle avvik til eit konkret vallokale og dei som har gjennomført valarbeidet der.

3. Utfordringar for hemmeleg val

Stad kommune meiner forslaget kan utfordre prinsippet om hemmeleg val, særleg i småstemmekrinsar og i kategoriar med få førehandsstemmer. Når få stemmer blir fordelte på kvar krins, aukar risikoen for at stemmemønster kan tolkast slik at einskilte veljarar indirekte kan bli identifiserte. Opplevinga av at valet er fullt ut hemmeleg, er avgjerande for tilliten til valordninga, og dette omsynet må vege tungt.

4. Kan svekkje tilliten til valgjennomføringa

Kommunen vil særleg løfte fram omsynet til tillit til valgjennomføringa. Ei ordning med meir manuell behandling, fleire moglege feilkjelder og svakare moglegheiter for kontroll kan føre til fleire avvik og større rom for mistillit, sjølv om sjølve valresultatet ikkje nødvendigvis blir påverka. Etter Stad kommune sitt syn er risiko for redusert tillit i seg sjølv eit tungtvegande argument mot lovendringa.

5. Avgrensa nytteverdi

Forslaget kan gi meir detaljerte valresultat på stemmekrinsnivå, men nytteverdien av dette er avgrensa. Vedlegget viser til at utgreiinga frå Institutt for samfunnsforskning vurderer verdien av slike krinsvise stemmetal som liten, særleg for forskning og overordna forståing av valresultat. Når nytteverdien er avgrensa og ulempene er såpass tydelege, meiner Stad kommune at forslaget ikkje er godt nok grunngjeve.

Samla vurdering

Stad kommune meiner at dagens ordning i større grad ivaretek omsynet til hemmeleg val, god kontroll, effektiv valgjennomføring og tilliten til valordninga. På denne bakgrunnen tilrår Stad kommune at forslaget om krinsvis oppteljing av førehandsstemmer ikkje blir vedteke.

Høyringsvar forslag til endringer i valgloven.pdf (205.91 KB)

Innspel i høyring om framlegg til endring i valglov.pdf (62.93 KB)

Alle svar må gjennom en manuell godkjenning før de blir synlige på regjeringen.no.